



Arkivnr: 2014/10537-21

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oppfølging - Forvaltningsrevisjon tilskotsforvaltning på kulturfeltet

### Bakgrunn for saka:

**Revisjonsrapport innan «Tilskotsforvaltninga på kulturområdet» i Hordaland fylkeskommune vart handsama i fylkestinget 11.06.2014 og det vart gjort slikt vedtak:**

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapport "Tilskotsforvaltning innanfor kulturområdet", ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

1. Utforme tydelegare føremål med tilskotsordningane som reflekterer korleis den enkelte ordninga skal bidra til å nå fylkeskommunale mål og strategiar på kulturområdet.
2. Sikre at tilskot som blir tildelt over budsjettposten «til rådvelde» blir tildelt i samsvar med krav i forvaltningslova og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp.
3. Sikre at sakshandsaminga i samband med kulturtilstok er i samsvar med krav i forvaltningslova, herunder:
  - Sikrar at det blir sendt førebels svar jf. § 11 a, 3. ledd.
  - Sikrar at vedtak er tilstrekkeleg grunngjeve, og at grunngjeving for vedtak er dokumentert, jf. § 24, § 25 og § 27.
  - Sikrar at informasjon om klageåtgang er korrekt jf. § 27.
  - Sikrar at det blir tatt kontakt med søker dersom det blir vurdert som aktuelt å vurdere ein søknad innanfor ei anna tilskotsordning enn den det er søkt om, jf. § 11.
4. Sikre at dokument som er ledd i sakshandsaminga blir arkivert i samsvar med fylkeskommunen sine eigne retningslinjer og § 3-18 1. ledd i forskrift om offentleg arkiv, og at inn- og utgåande dokument som er gjenstand for sakshandsaming blir journalført jf. § 2-6 i forskrift om offentleg arkiv.
5. Etablere rutinar for oppfølging av rapportering frå tilskotsmottakarar.
6. Etablere system og rutinar for samarbeidet mellom Kultur- og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga når det gjeld tildeling av tilskot, samt etablere system som gjev oversikt over ulike tildelingar av tilskot og økonomisk støtte frå fylkeskommunen.
7. Etablere eit system for jamlege evalueringar av dei ulike tilskotsordningane for å sikre at dei blir nytta i samsvar med føremålet.
8. Laga ein handlingsplan innan 1.10.2014 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: [Roald.Breistein@hfk.no](mailto:Roald.Breistein@hfk.no) eller [kontrollutvalet@hfk.no](mailto:kontrollutvalet@hfk.no)

Bankgiornr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

**Kontrollutvalet har følgt denne forvaltningsrevisjonen opp ved 1 høve i 2014 og 2 høve i 2015 der det siste gong vart gjort slikt vedtak i møte 24.08.15:**

*«Kontrollutvalet ser positivt på at det er sett i verk ein del prosessar for å betre rutinane innan tilskotsforvaltinga på kulturfeltet. På bakgrunn av at mykje av arbeidet som gjenstår ser ut til å ligge i den oppstarta samla gjennomgangen av tilskotsforvaltinga som skal leggjast fram politisk hausten 2015, ber kontrollutvalet om ny status i form av skriftleg tilbakemelding innan 31.12.2015.»*

**Ny tilbakemelding frå fylkesrådmannen dagsett 10.12.15 vart handsama i møte 5.4.16 der det vart gjort slikt vedtak:**

«Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen kjem med ny status på forvaltningsrevisjon innan tilskotsforvaltinga på kulturområdet når det gjeld punkta 1, 4, 6 og 7 i form av skriftleg tilbakemelding innan 30.6.2016.»

**Drøfting:**

På bakgrunn av vedtaket over vart ny tilbakemelding, dagsett 29.04.16, motteke i sekretariatet 20.6.16. Tilbakemeldinga m/vedlegg ligg ved.

Av tilbakemeldinga registrerer sekretariatet at det no er gjort mykje for å få på plass forbetringar som gjeld punkta 1, 4, 6 og 7 i rapporten og meiner med det at kontrollutvalet bør seie seg nøgd med det arbeidet som er gjort.

**Konklusjon:**

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltinga på kulturfeltet og at ein med det seier seg ferdig med saka.

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld forvaltningsrevisjon av tilskotsforvaltinga på kulturfeltet i Hordaland fylkeskommune og seier seg ferdig med saka.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

**Vedlegg**

- 1 Tilskotsforvaltinga på kulturfeltet - tilbakemelding status på tiltak 1,4,6 og 7 i Handlingsplanen
- 2 Samhandling i tilskotsforvalting og utviklingsarbeid mellom kultur og idrettsavdelinga og Regionalavdelinga.
- 3 Retningslinjer for evaluering av tilskot til kultur og idrett